



Gloppen kommune

Møteprotokoll

Utval	Helse- og oppvekstutvalet
Møtestad	Kommunestyresalen
Dato	15.04.2026
Tid	Kl. 09:00 - 14:10

Følgjande medleamar møtte	Frå
Bernt Reed (p)	SP
Baard Helle Bolstad	SP
Julie Kristin Lothe	SP
Katrine Anita Heggelund	SV
Lisbeth Stensaker	H
Per Ståle Husevåg	KRF
Sjur Atle Austrheim	H
Svein Førde	AP

Forfall/møtte ikkje	Frå	Følgjande varamedlem møtte	Frå
Mariel Eikeset Koren	MDG	Hallgeir Hansen	MDG

Andre som møtte

Anita Lothe, rådgjevar i sak 016/26.

Gunhild Gimmetad, Kommunalsjef helse og velferd i sak 014, 015, 016/26

Per Arne Strand, kommunalsjef oppvekst i alle saker.

Åslaug Haugset, folkehelse- og rådgjevar i sak 015 og 017/26.

Underskrifter

Per Ståle Husevåg

Saksliste

Sak nr.	Sakstittel
014/26	Godkjenning av møtebok, innkalling og sakliste
015/26	Referat og orienteringssaker
016/26	Prosjekt Bu- og omsorgstilbudet - rigga for framtida - orientering om status
017/26	Folkehelse- og oppvekstprofil for Gloppen
018/26	Barnehageopptak 2026 - status
019/26	Prinsipp rundt kjøp av barnehageplassar i andre kommunar.
020/26	Renovering garderobar Breim skule - investeringsmidlar
021/26	Søknad skuleskyss - farleg skuleveg - Skuggesida Byrkjelo
022/26	Kvalitetsmelding grunnskule 2026

014/26: Godkjenning av møtebok, innkalling og sakliste

Utvalsleiar si tilråding:

1. Helse- og oppvekstutvalet godkjenner møteboka frå sitt møte den 04.03.2026.
2. Helse- og oppvekstutvalet godkjenner innkallinga og saklista til møtet den 15.04.2026

Helse- og oppvekstutvalet 15.04.2026:

Behandling

HEOP- 014/26 Vedtak

1. Helse- og oppvekstutvalet godkjenner møteboka frå sitt møte den 04.03.2026.
2. Helse- og oppvekstutvalet godkjenner innkallinga og saklista til møtet den 15.04.2026

Vedtak samrøystes.

015/26: Referat og orienteringssaker

Helse- og oppvekstutvalet 15.04.2026:

Behandling

Kl. 09 - 10 - orientering om fysioterapitilbodet i Gloppen.

- Kristoffer Kvåle, Firda fysmed institutt
 - Asle Rosø, Sandane fysiskalske insitutt
 - Jannike Felde, Avd.leiar kommunal fysioterapiteneste
- Spørsmål og svar undervegs.

Kommunalsjefane orienterte om drifta og aktuelle saker som økonomi, sjukefråvær og oppfølging av budsjettvedtak.

Kl. 11 - 12.15 - felles møte med Ungdomsrådet med utgangspunkt i høyring på oppvekstplanen. Ungdomsrådet kom med innspel på saker som er viktige for dei og så vart ulike tema drøfta i 3 blanda grupper. Innspela her er oppsummert i eige notat. Her var sekretær for Ungdomsrådet Åslaug Haugset med å la tilrette for denne økta.

Ordet fritt:

Helse- og oppvekstutvalet ynskjer å få ei sak etter innspel frå ungdomsrådet om kven som har ansvar for skateparken og kostnadsbilde for ei oppgradering av skateparken.

HEOP- 015/26 Vedtak

Helse- og oppvekstutvalet tek saka til orientering.
Vedtak samrøystes.

016/26: Prosjekt Bu- og omsorgstilbodet - rigga for framtida - orientering om status

Kommunedirektøren si tilråding

Helse- og oppvekstutvalet tek saka til orientering.

Helse- og oppvekstutvalet 15.04.2026:

Behandling

Sakshandsamar/Prosjektleiar Anita Lothe orienterte om prosjektet.
Saka vart drøfta.

HEOP- 016/26 Vedtak

Helse- og oppvekstutvalet tek saka til orientering.
Vedtak samrøystes.

017/26: Folkehelse- og oppvekstprofil for Gloppen

Kommunedirektøren si tilråding

Helse og oppvekstutvalet tar saka til orientering.

Helse- og oppvekstutvalet 15.04.2026:

Behandling

Folkehelse rådgevar Åslaug Haugset var med under behandling av saka.

HEOP- 017/26 Vedtak

Helse og oppvekstutvalet tar saka til orientering.
Vedtak samrøystes.

018/26: Barnehageopptak 2026 - status

Kommunedirektøren si tilråding

Helse- og oppvekstutvalet tek saka til orientering.

Helse- og oppvekstutvalet 15.04.2026:

Behandling

Utgreiing av kapasitet ift barnehage, framlegg frå Per Ståle Husevåg, Kristeleg Folkeparti
Helse og oppvekst utvalet ønskjer å få ei sak der ein gjennomgår opptaket dei siste 3 år, for å sjå på

dimensjonering av barnehage tilbudet i kommunen, med tanke på at alle barn skal få tilbud om barnehageplass.

Framlegg frå Per Ståle Husevåg (KRF) til vedtak:

Helse og oppvekst utvalet ønskjer å få ei sak der ein gjennomgår opptaket dei siste 3 år, for å sjå på dimensjonering av barnehage tilbudet i kommunen, med tanke på at alle barn skal få tilbud om barnehageplass.

Forslaget vart røysta over og fekk 4 røyster: Husevåg (KRF), Hansen (MDG), Reed (SP) og Heggelund (SV). Dei som røysta imot var: Førde (AP), Austrheim (H), Stensaker (H), Bolstad (SP), Lothe (SP)
Så vart kommunedirektøren si tilråding røysta over og vart samrøystes vedteke.

HEOP- 018/26 Vedtak

Helse- og oppvekstutvalet tek saka til orientering.

Samrøystes vedteke.

019/26: Prinsipp rundt kjøp av barnehageplassar i andre kommunar.

Kommunedirektøren si tilråding

Helse- og oppvekstutvalet vedtek at følgjande skal ligge til grunn ved kjøp av barnehageplass i annan kommune:

Geografisk er det berre aktuelt å vurdere i Hyen, vest om Nesholmen for foreldre der begge jobbar i annan kommune. Eit vedtak om kjøp av barnehageplassar skal vere tidsavgrensa fram til barnet skal til på siste året i barnehagen eller endrar foreldre arbeidsstad lokalisert til Gloppen, skal det søkjast på nytt. Søknader vert behandla administrativt.

Helse- og oppvekstutvalet 15.04.2026:

Behandling

Tillegg til siste setning, framlegg frå Bernt Reed (p), Senterpartiet

Fagutvalet er ankeinstans for administrative vedtak.

Bernt Reed (SP) fremja eit tillegg til siste setning: "Fagutvalet er ankeinstans for administrative vedtak."

Utvalet røysta over framlegget til kommunedirektøren - samrøystes vedteke.

Så vart det røysta over å ta med tillegget i framlegget til Bernt Reed (SP) saman med kommunedirektøren si tilråding - det vart samrøystes vedteke.

HEOP- 019/26 Vedtak

Helse- og oppvekstutvalet vedtek at følgjande skal ligge til grunn ved kjøp av barnehageplass i annan kommune:

Geografisk er det berre aktuelt å vurdere i Hyen, vest om Nesholmen for foreldre der begge jobbar i annan kommune. Eit vedtak om kjøp av barnehageplassar skal vere tidsavgrensa fram til barnet skal til på siste året i barnehagen eller endrar foreldre arbeidsstad lokalisert til Gloppen, skal det søkjast på nytt. Søknader vert behandla administrativt. Fagutvalet er ankeinstans for administrative vedtak. Samrøystes vedteke.

020/26: Renovering garderobar Breim skule - investeringsmidlar

Kommunedirektøren si tilråding

Kommunestyret prioriterer at renovering og universell utforming av garderobane på Breim skule/Byrkjelo stadion kjem inn på lista over anlegg til spelemiddelordninga i 2026, og gjev kommunedirektøren fullmakt til å finansiere anlegget over investeringsbudsjettet i 2026 med inntil 1,3 mill. ekstra i totalramma, og forskottere nødvendig beløp til spelemidlane vert utbetalt. Kommunedirektøren skal kome tilbake til dette i revidert investeringsbudsjett for 2026.

Samfunnsutvalet 15.04.2026:

Behandling

SAMF- 021/26 Vedtak

Kommunestyret prioriterer at renovering og universell utforming av garderobane på Breim skule/Byrkjelo stadion kjem inn på lista over anlegg til spelemiddelordninga i 2026, og gjev kommunedirektøren fullmakt til å finansiere anlegget over investeringsbudsjettet i 2026 med inntil 1,3 mill. ekstra i totalramma, og forskottere nødvendig beløp til spelemidlane vert utbetalt. Kommunedirektøren skal kome tilbake til dette i revidert investeringsbudsjett for 2026.

Samrøystes vedteke

Helse- og oppvekstutvalet 15.04.2026:

Behandling

HEOP- 020/26 Vedtak

Helse- og oppvekstutvalet støttar kommunedirektøren si tilråding:

Kommunestyret prioriterer at renovering og universell utforming av garderobane på Breim skule/Byrkjelo stadion kjem inn på lista over anlegg til spelemiddelordninga i 2026, og gjev kommunedirektøren fullmakt til å finansiere anlegget over investeringsbudsjettet i 2026 med inntil 1,3 mill. ekstra i totalramma, og forskottere nødvendig beløp til spelemidlane vert utbetalt. Kommunedirektøren skal kome tilbake til dette i revidert investeringsbudsjett for 2026. Vedtak samrøystes.

021/26: Søknad skuleskyss - farleg skuleveg - Skuggesida Byrkjelo

Kommunedirektøren si tilråding

Helse- og oppvekstutvalet godkjenner heilårsskyss for 2. til og med 7. klasse for elevar på strekninga Teita kryss langs Skuggesida (Fv695) til der 4 km grensa slår inn på grunn av farleg skuleveg.

Helse- og oppvekstutvalet 15.04.2026:

Behandling

HEOP- 021/26 Vedtak

Helse- og oppvekstutvalet godkjenner heilårsskyss for 2. til og med 7. klasse for elevar på strekninga

Teita kryss langs Skuggesida (Fv695) til der 4 km grensa slår inn på grunn av farleg skuleveg.
Vedtak samrøystes.

022/26: Kvalitetsmelding grunnskule 2026

Kommunedirektøren si tilråding

Kommunestyret tek saka til orientering.

Helse- og oppvekstutvalet 15.04.2026:

Behandling

Kommunalsjef oppvekst orienterte om kvalitetsmeldinga.

Meldinga vart drøfta

HEOP- 022/26 Vedtak

Helse-og oppvekstutvalet støttar kommunedirektøren s tilråding:

Kommunestyret tek saka til orientering.

Vedtak samrøystes.